Høring: 4-årig tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder

AGDER fylkeskommune

Innsendt: 24.09.2026 19:33
Referanse-ID: 8K3-5ED
Skjema-ID: AFK-224

Avsender høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Kjetil
Etternavn	Vik
Hvem svaret du for?	◉ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	BYKLE KOMMUNE
Organisasjonsnummer	958814968
Gatenavn og - nummer	
Postnummer	
Poststed	

Svar på høring

Tilbudsstruktur og dimensjonering

Hvordan vurderer dere den vedtatte dimensjoneringen opp mot dagens og framtidige kompetansebehov?	Bykle kommune merkar seg at Indre Agder er den einaste regionen i Agder der elevtalet i vidaregåande alder er venta å auke fram mot 2030. Denne utviklinga bør speglast i framtidig dimensjonering og utvikling av tilboda i regionen. Kommunen støttar at eksisterande tilbod ved Setesdal vidaregåande skule blir vidareførte. Skulen er viktig for gjennomføring av vidaregåande opplæring, tilgang på kvalifisert arbeidskraft og berekraftig samfunnsutvikling i Indre Agder.
Er det utdanningstilbud som bør styrkes, reduseres eller etableres?	Bykle kommune vil særleg peike på: Tilbodsstrukturen ved Setesdal vidaregåande skule må vere brei nok til å møte behova til elevar og arbeidsliv i regionen.

	Fylkeskommunen bør vidareføre ordningar som gjer det mogleg å opprettholde små og distriktsretta utdanningstilbod. Det bør vurderast å etablere utdanningstilbod innan sal, service og reiseliv ved Setesdal vidaregåande skule Avdeling Hovden, i tråd med behova i ein region med stor reiselivsnæring. Bykle kommune støtter Evje og Hornnes kommune sitt ønske om at Agder fylkeskommune utreiar moglegheitene for drone- og UAS - (Unmanned Aircraft System) utdanning ved Setesdal VGS Hornnes. Bykle kommune støtter etablering av Vg1 handverk design og produktutvikling ved avdelinga i Valle
Hvordan vurderer dere den geografiske fordelingen av tilbudene i Agder?	Eventuelle endringar i tilbod innan transport og logistikk må ikkje svekkje eksisterande tilbod ved Setesdal vidaregåande skule.
Hvordan bør sluttkompetansene i modulstrukturert opplæring for voksne dimensjoneres?	Når det gjeld modulstrukturert opplæring for vaksne, meiner Bykle kommune at dimensjoneringa må ta utgangspunkt i dokumenterte behov i arbeidslivet og tilgang på praksisplassar i kommunar og næringsliv. Fleksible og desentraliserte løysingar bør vektleggjast.
Hvordan vurderer dere den foreslåtte tilbudsstrukturen samlet sett i lys av målet om at flere elever og voksne fullfører videregående opplæring?	Samla meiner Bykle kommune at eit desentralisert og attraktivt vidaregåande opplæringstilbod er ein føresetnad for at fleire ungdomar og vaksne skal fullføre opplæringa og bli buande og arbeidande i distrikta.